



Harald Ulla frå Ulla er ein av dei lokale «gamlekarane» i fiskeriet som nyttar seg av Austnes slip og båtservice, og han set stor pris å ha ein slik plass til å få halde båten sin i rett stand.

Ullamann med båt på land

Ein av dei lokale fiskarmenne-ne på Haramsøya som nyttar slippen på Austnes, er Harald Ulla. Han fortel at båten hans låg på småbåthamna på Ulla då ovet braka laus første nyttårsdag, og at han frykta det verste for båten sin.

— Men heldigvis så ser det ut til at det er berre mindre skader som har oppstått, seier Ulla.

— Og eg er skikkeleg glad for å kunne få båten min på land her, legg han til. — Her er det gode arbeidsforhold, og lett å kome til med all slags utstyr. Eg fekk hjelp til å heise opp båten igår, så no må eg nytte fineveret, skjønar du, seier ein blid og triveleg Harald Ulla, som lar det elektriske pussemaskina suse over skroget.